

Liselotte Erenstsen Natås  
Morviklien 14  
5124 MORVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17444 - 20/69530

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
[kjartan.medaas@alver.kommune.no](mailto:kjartan.medaas@alver.kommune.no)

Dato:  
02.11.2020

## Avvist søknad om deling - gbnr 14/6 Nedreås

**Administrativt vedtak: Saknr: 1170/20**

**Tiltakshavar:** Liselotte Erentsen Natås  
**Ansvarleg søker:**  
**Søknadstype:** Søknad om opprettning av ny grunneigedom

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om opprettning av ny grunneigedom avvist.**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 26.10.2020.

Saka gjeld søknad om opprettning av ny grunneigedom, naustetomt frå gbnr 14/6. Gbnr 14/6 består av 2 teigar; hyttetomt og naustetomt. Ein søker om frådeling av naustetomta. Det er oppført naust på naustetomta.

### Planstatus

Arealføremålet er sett til LNFR (landbruk, natur, friluft samt reinsdrift) i kommunedelplan for Lindås 2019 – 2031.

**VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det må søkast om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluftsliv i kommunelplan for Lindås.
- Det må søkjast om dispensasjon frå bygge- og deleforbodet i strandsona.
- Føremålet med delinga er uklar.
- Det må leggjast fram rett til tilkomst til naustetomta og rett til parkering.
- Søknad om deling og dispensasjon må nabovarslast
- Situasjonskart frå Alver kommune som viser omsøkt tiltak må leggast ved.

Dispensasjonssøknad må vera godt grunngjeven. Link til hjelp for søknad om dispensasjon finn du her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

Du finn også nyttig informasjon om søknad om oppretting av ny grunneigedom (deling) på heimesida til kommunen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsendning av ny søknad.

**Regelverk**

- Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.
- Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17444

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Liselotte Erenstsen Natås

Morviklien 14

5124 MORVIK